



# ÅRSMELDING 2017

## Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Laila Seilfaldet Pletten
Nestleiar:	Britt Soltveit Hansen
Skrivar:	Liv Berit Jordal
Kasserar:	Reidun Kvamsdal
Styremedlem:	Lisbeth Sjursen
Styremedlem:	Inger Johanne Aga Fosse
Styremedlem:	Sigmund Bleie
Varamedlem:	Jannicke Kalland Njøten
Varamedlem:	Beate Brügger
Revisor:	Ivar Eidsheim
Valnemnd:	Varamedlemane

### Arbeidsplan:

Demensaksjonen i samarbeid med lokale ungdomsskular  
Oppdatere brosjyre  
Pårørandskule  
Utarbeide oversikt over kommunale tilbod  
Arbeide for å få kontaktpersonar/aktivitetar i Austrheim  
Vidareføre aktivitetsvenn-prosjekt og aktivitetskafe

**På fylkesårsmøte** møtte Britt Soltveit Hansen frå foreninga. Møtet vart halde på Stord 31.mars- 01.april 2017. I tillegg til årsmøtesaker vart ulike aktivitetar i lokallaga omtala, Folkehelselova om samarbeid mellom kommune og frivillige lag og organisasjonar, samt presentasjon av prosjektet «Musikk og trening gir mening» ved Ingvild Tjønn Hansen.

**Offisiell opning av Såtabu dagsenter** var 21.mars 2017. Demensforeninga var invitert på opninga. Her vart Britt heidra med diplom og blomar for sitt arbeid for personar med demens og deira pårørande. Dagsenteret fekk overrekket pengegåve frå demensforeninga.

**Demensaksjonen 2017** vart avvikla i samarbeid med Meland ungdomsskule, ein av skulane i vårt distrikt som har valfaget " *Innsats for andre*". Invitasjon til å delta i Demensaksjonen vart sendt via Fylkeskontoret til alle ungdomsskulane i regionen som har valfaget.

Meland var einaste som deltok denne gangen. Frå Nasjonalforeninga er det utarbeidd undervisningsopplegg og plan for gjennomføring av prosjektet. Lærar Birte Kråkenes Bjørstad var kontaktperson inn mot demensforeninga og hadde ansvar for undervisningsopplegget i klassen.

Den 08.09. var An Magritt Fyllingsnes i klassen og fortalde og svara på spørsmål om det å leve med ein demenssjukdom.

På sjølve innsamlingsdagen gjekk elevane rundt på dørane å samla inn pengar. I alt fekk dei inn kr.14.672,-

I etterkant stilte representantar frå styret opp med pizza og brus til elevane. Me hadde ein fin time, der elevane fortalde om prosjektet sitt. Me opplevde at me hadde fått gode ambassadørar for saka vår.

Fredag 22.09. hadde foreninga stand på Rema 1000 i Knarvik. Me delte ut brosjyren vår og diverse annan informasjon. Grei måte å kome i prat med folk på. Me fekk inn kr. 1235,-

**Oversikt over kommunale tilbod.** I juni 2017 sende styret ut skriv til kommunane som dekkjer vårt område (Austrheim, Lindås, Meland, Masfjorden og Radøy) der me bad om oversikt over kommunale tilbod for personar med demens.

Etter fleire purringar, hadde alle kommunane svart innan november.

I februar i år sende me førebels oversikt ut til kommunane att, og bad dei koma med merknader, endringar osv. innan 1. mars.

Det vart i skrivet gjort klart at etter den tid kom me til å leggja ut samla dokument til brukarar og media.

Oversikten vert lagt fram for årsmøtet, til orientering. Det nye styret vil deretter leggje det ut til medlemar og media.

**Oppdatering av brosjyre** vart gjort i forkant av at første brev vart sendt til kommunane.

### **Aktivitetsvenn**

14.febr-2017 vart det arrangert regionalt oppstartsmøte på Manger for å få fleire kommuner til å etablere Aktivitetsvenn. Lindås kommune har samarbeidsavtale og etablert arbeidsgruppe med repr. frå kommune og demensforeninga (mars 2015).

I etterkant av regionmøte har og Masfjorden starta arbeidet. Nasjonalforeninga har utarbeidd god <<verktøykasse>> for etablering og drift av Aktivitetsvenn.

Me har ei flott og stabil gruppe aktivitetsvenner som gjer sitt til at personar med demens får ta del i aktivitetar og opplevingar i kvardagen. Fleire er i tillegg med og driv aktivitetskafeen. Å rekruttere fleire aktivitetsvenner er eit sentralt og lokalt mål.

Kurset som var planlagt 16. og 23. mars 2017 kom ikkje i gang grunna manglande påmelding. Arbeidsgruppa inviterte seg sjølv til Lindås sanitet og pensjonistforening med informasjon og deler av kurset med håp om å få nye frivillige med. Dessverre melde ingen si interesse i etterkant.

Ein ny aktivitetsvenn har meld seg gjennom frivillig.no etter nasjonal kampanje på sosiale media.

5. okt. 17 var det samling for etablerte aktivitetsvenner, her kan ein utveksle erfaringar og ta opp utfordringar ein står i i rolla som aktivitetsvenn.

Nettverksamling for arbeidsgruppedlemmer vart arrangert på Gardermoen 19.okt- her reiste Marit Angelskår og Britt S. Hansen frå Lindås kommune. Det er kome ny invitasjon til nettverksamlingar i nov. 2018. Hildegunn Baravelli som er arbeidsgruppeleiar er i permisjon til slutten av april-18, me tek stilling til vidare strategi og evt. deltaking der når ho er tilbake.

**Aktivitetsskafen** for yngre personer med demens og deira pårørande starta opp 22.febr. 2017 ved Såtabu dagsenter, og har våren og hausten –17 vore gjennomført siste onsdag-kveld kvar mnd.

Eit slikt tilbud vart etterlyst i regionen av ung demensramma. Tiltaket vart etablert i samarbeid mellom frivillige Aktivitetsvenner, Ytre Nordhordland demensforening, Lindås kommune ved Frivillighetskoordinator og Ergoterapeut i heimetenesta (arbeidsgruppa for Aktivitetsvenn). Som frivillig har vi og med ein engasjert ungdom i faget "Innsats for andre" ved Knarvik ungdomsskule.

Samtale- å møte andre i same situasjon, sang, quiz, musikkinnslag har til no vært hoved-aktiviteter, - og sjølvsgagt triveleg samvær rundt felles måltid.

Tilbudet er blitt annonsert i lokalavisa, på kommunen si heimeside og i eigen brosjyre.

Me har tru på at fleire kjem med etterkvart- det er sett opp møteplan for våren 2018.

Me fekk kr 15 000 i støtte frå Nasjonalforeninga til gjennomføring av tiltaket. Det er utarbeidd lokal brosjyre for Aktivitetsvenn og Aktivitetsskafe som er delt ut på ulike arena.

**Pårørandekurs** starta opp 20. september, i Radøy Kommune. Laila var med i prosjektgruppa og på kurskveldane. Kurset gjekk over 4 kveldar. Siste kvelden møtte Britt for Laila.

Lisbeth Sjursen hadde tema 3. kvelden. Ho snakka om det å vera pårørande.

Over 20 personar var påmelde,- nokre fekk ikkje plass. Står på venteliste. Gode tilbakemeldingar.

**Sigmund Bleie** er likeperson i Nasjonalforeninga. Han har sendt ut skriv til 100 lokalaviser/vekeblad der han har tatt opp tema "demens ingen skam".

Han har og hatt førelesing på høgskulen i Bergen for elevar i fordjupningsstudie om demens.

**Inspirasjonssamling** vart halde på Scandic Flesland 3. og 4. november. Ingen frå laget vårt hadde høve til å delta.

**Regionsmøte** vart avvikla på Alversund helselagshus 13.02.18. Inger Johanne Aga Fosse, Britt Soltveit Hansen og Laila Seilfaldet Pletten møtte frå demensforeninga. Frå helselaga møtte representantar frå Alversund, Seim, Meland og Manger.

Alle laga gav ei kort orientering om aktivitetar i sitt lag.

I tillegg fekk me informasjon om fylkestyret si "*nye satsing på kostholdsaktivitet for barn og vaksne*"

**"Nordhordlandsprosjektet" saman for velferdsteknologi.**

10 kommunar er med. Målet er at velferdsteknologi skal vera ein naturleg del av tenestetilbodet innan 2020. Laila er med i referansegruppa, -representant frå demensforeninga.

**Temamøter:** styret hadde planlagt temamøte om velferdsteknologi i samband med årsmøte. Grunna sjukdom vart dette utsett til mai månad. Dato ikkje fastsett enno.

Me har og gjort avtale med Marianne Munch. Ho kjem til Masfjorden 19.09.18 og til Knarvik 20.09.18. Ho vil snakke rundt tema kommunikasjon.

Meland helselag ynskjer å knyte nærare samarbeid med demensforeninga og vil bidra i samband med demensaksjonen. Dei har gjort avtale med Paal Njaalsund og denne veka. Dette ser me positivt fram til.

**Laget har kjøpt inn** 10 eksemplar av boka Husker du da...? Minner frå 1950- 1960 talet. Målet er å dela den ut til alle sjukeheimar (demensavd) i kommunane, evt. dagsenter. Dette vil me følgja opp i 2018.

**Songstund** i Manger kyrkje. Dei siste åra har Dagavdelinga på Manger i samarbeid med kyrkja, frivilligsentralen og helselaget arrangert songstund i kyrkja. Demensforeninga har fått invitasjon om å vera med. 14.03.18 deltok ei gruppe frå Såtabu dagsenter på arrangementet.

Me har i meldingsåret hatt 5 styremøter

Antal medlemmer: 55

Ikkje alle mål vart nådd i 2017.

Men me har hatt eit godt arbeidsår, der enkelte saker har vore meir krevjande enn tenkt på førehand. Derfor vil nokre saker verta overført til 2018.

Styret vil takke alle samarbeidspartar som me har hatt i meldingsåret. Det er mange som har stått på, for at foreninga har kunna jobba mot konstruktive mål.

Laila Seilfaldet Pletten  
leiar